

STYREMØTE 16.juni -19 kl. 18 hos Solveig, leiar.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette, Kristin, Sunneva.

- Sak 21/-19 Referat og orienteringar
- * Fredagskafe -inga avklaring enno.
 - * Organisasjonskurs - Mette melder inn styret, startar til hausten.
 - * Seterbøkene er no forsikra, Nelly har ordna det
 - * VBK-årsmøte 2019 endrast til 17.okt? Inviterer leiar i NBK til årsmøte.
 - * Kulturmidlar - VBK fått 2000kr.
 - * Sommaravslutning 24. juni - ikkje åresal.
 - * Beredskapsreferat blir sendt til alle medlemmer.
 - * Tips til turgruppa om å ha blåtur sist i august i staden for desember.
- Sak 22/-19 Ansvar for medlemsmøta
- Styret deler ansvaret mellom seg.
Ein frå styret + nokre hjelparar har ansvar for alt som trengst (ikkje program)
på eit møte.
- Det blir alfabetisk rekkjefylgje, Kristin Alstadsæter startar.
Det blir start frå hausten.
- Sak 23/-19 Dialektord
- Solveig kontakta Språksmia for å intervjuje Lilly Sandnes og ta opp dialektord.
Hegelin Walldal har vore der 2 gonger. Stogg for no. Solveig avklarar storleik
på honorar,
- og spør Walldal om hjelp til å lage ein god søknad om pengestøtte,
og om eventuelle tips om korleis innsamlinga kan nyttast.
Laget er avhengig av at vi får pengestøtte til utgifter med dette arbeidet.
- Sak 24/-19 Harald Grytten på ope VBK-møte
- Solveig avklarar honorar, og avtalar tidspunkt . Midten av nov.? Tema: by -
land?
- Sak 25/-19 Politikk -innspel i valkampen
- Laga har fått skriv frå NBK som kan sendast lokalavisa før val i september.
Skulefrukost, skolelunsj, beredskap, rein mat osv.
Styremedlemmene ser på skriva - innlegga må ha lokal tilknytning -
og sender aktuelle innlegg til andre styremedlemmer før ev. videresending til
lokalavisa.
- Sak 26/-19 Adventskalender
- Alle fylkeslag gir gevinster til kalenderen frå fylkeslaget.
VBK har gevinst frå Fjordhotellet + 2 par sokker og 2 panneband. (Ev.
grytekluter og tova sitjeunderlag.)
- Sak 27/-19 Ymse
- Inspirasjonsseminar i Trondheim 8. - 10. nov.
Nelly og Mette, kanskje Bjørg reiser. Alle må melde seg på sjølve.

Sunneva Linge skrivar